

Kvinnene sin internasjonale kampdag vart stifta i 1910. Kvinnene har kjempa for likestilling og frigjering heile dette århundre. Ein del har vi oppnådd, men fortsatt står mykje att.

**3** gode grunnar for å markere 8.mars -1986:

Vi må forsvare dei rettane vi har kjempa oss til.

Vi må kjempe vidare for full frigjering av kvinnene.

Vi må vise solidaritet med kvinner i alle land.

## 8.MARS

er dagen då kvinner i mange land seier frå om den undertrykkinga dei er utsatt for.

**K**vinner krev rett til lønna arbeid og ei lønn som er stor nok til at vi kan forsørge oss sjølve og eventuelle barn.

Vi vil ha **6**- timarsdag med full løn- og stillingskompensasjon.

Vi krev like mykje fritid som menn. Menn må ta halvparten av hus- og omsorgsarbeidet.

Vi krev dagheims plassar og fritidstilbud til alle born.

Vi vil slåst mot **porno** og prostitusjon og alt som gjer kvinnekroppen til ei vare og reduserer vårt menneskeverd.

**V**i meiner at ein større del av u-hjelpsmidla skal gå til prosjekt som betrar kvinnene sin situasjon.

Vi støtter Sør-Afrikanske kvinner sin kamp mot Apartheid.

Desse og mange andre saker vil vi seie frå om **8.MARS.**

Ta med veninnene dine, mora di, dattera di og ver med i demonstrasjonen 8. mars. Kom på våre åpne møter der vi kan diskutere saker vi er opptekne av, og finne ut korleis vi best skal syne igjen i bybildet 8.mars.

I tida fram til 8.mars kan vi skrive innlegg i avisene, diskutere på arbeidsplassen, i heimen, blandt venner.

**Kom med og kjemp for din rett til å vere**

**eit samfunnsmenneske.**

# VÆR MED I 8. MARSARBEIDET!



4/2

**KAFÉMØTE**  
tema: Toget.



11/2

**KAFÉMØTE**  
tema: Kvinner i den 3. verden lysbilder.



18/2

**KAFÉMØTE**  
tema: Vedtak av parolene.

alle dager

**kl. 19<sup>00</sup>**

i kaféen på

Hordaland Kunstnersentrum

**KLOSTERET 17**



**8.** MARS TOGET

fra

**AMALIE  
SKRAM  
statuen**

**TORGMØTE**

Arr. Initiativkomiteen for 8. mars 1986.